

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 05.02.03 **Tid:** 14.30-18.15

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett 29.01.02.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl. 2 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Eva Hellevang

Sigmund Dyrhovden fekk permisjon og forlot møtet etter handsaming av sak 07/03

**I staden møtte:**

Marta Mørkve

Kjersti Mellingen Bruvik frå sak 08/03

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ordføraren var med på delar av møtet.

Ass. administrasjonssjef

Konsulent Ingrid Seim møtte ved handsaming av sak 06/03

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. februar 2003

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend. Sak 07/03, 08/03 og 06/03 vart først handsama i denne. Sak 01/03 vart trekt frå saklista.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

**UTVALET SITT KVARTER:**

H.Reistad orienterte om skriv til foreldra om reduksjon av stilling til pedagog i 1. klasse i Nordbygda skule.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Ordførar orienterte om følgjande:

1. Kommunestyret vedtok å ikkje vidareføre drifta ved Nordbygda bibliotekfilial i budsjettet for 2003. Oppvekst og omsorg meinte saka dermed var lagt på "is" inntil vidare. Dei slutta seg til å få ei sak til kommunestyret om evt. nedlegging og avvikling av Nordbygda bibliotekfilial.
2. Svein Ådland har kome med forslag om å la Sven Egil Kvale utarbeide ei slektssoge frå Samnanger. Dersom kommunen kan forskotere arbeidsutgiftene til ei 20% stilling over ei 5 årsperiode, kan desse verte finansiert med sal av soga.
3. Svein Ådland har og kome med forslag om at nyetablert grendalag på Ådland kan tenkje seg å flytte Stolpane skulehus og stille fri grunn til eit område på Ådland. Førresetnaden er at Nordbygda skule seier seg samd i dette.

Utvalet får forslaga i pkt. 2 og 3 lagt fram som eiga sak.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0001/03	00/00306 <b>HØYRING - TRAFIKKSIKRINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE</b>
0002/03	01/00201 <b>HANDLINGSPLAN MOT MOBBING I SAMNANGER KOMMUNE</b>
0003/03	02/00501 <b>KULTURPRISEN 2002.</b>
0004/03	03/00002 <b>TRIVSELS- OG HELSEREISER TIL KYPROS. INNBYDING TIL KOMMUNEN OM Å SLUTTA SEG TIL OS KOMMUNE SITT OPPLEGG</b>
0005/03	03/00052 <b>RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE</b>
0007/03	02/00065 <b>ENDRING AV LOV OM GRUNNSKULEN OG DEN VIDAREGÅANDE OPPLÆRINGA AV 17.07.98 NR. 61 (OPPLÆRINGSLOVA).</b>
0008/03	03/00050 <b>NYTT FINANSIERINGSSYSTEM FOR FRITTSTÅANDE SKULAR</b>
0006/03	03/00072 <b>NY GJENNOMGANG AV HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA</b>

0001/03

**HØYRING - TRAFIKKSIKRINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE****Framlegg til vedtak::**

Trafikksikringsplan for Samnanger kommune vert lagt ut til høyring slik den ligg føre. Planen vert endeleg handsama i utvalet 26.03.03.

**Handsaming i møte:**

Ass.adm.sjef orienterte om arbeidet. Arbeidsgruppa manglar nokre viktige opplysningar som dei treng avklaring på før plane kan verte handsama. Saka vart difor trekt frå saklista og lagt fram til handsaming på neste møte.

**Vedtak:**

Trafikksikringsplan for Samnanger kommune vert utsett til neste møte i utvalet 26.03.03.

0002/03

**HANDLINGSPLAN MOT MOBBING I SAMNANGER KOMMUNE****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune set ned ei arbeidsgruppe som skal lage ein mobbeplan med følgjande medlemmar:

3 Foreldrerepresentantar; Leiar i FAU frå kvar skule

1 Politisk SU-repr.

Rektor Nordbygda skule

Rektor Gjerde skule

Rådgjevar Samanger ungdomsskule

Helsesøster

Pedagogisk konsulent

Rektor på Gjerde skule er leiar for gruppa, og pedagogisk konsulent er sekretær for gruppa.

Arbeidsgruppa sitt mandat vert å utarbeide ein handlingsplan som sikrar at Samnanger kommune kan arbeide for ein null-toleranse når det gjeld mobbing og vold på alle kommunale plan, men særskilt i skulen og barnehagen.

Oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for planen.

**Handsaming i møte:**

Oppvekst og omsorg ønskja følgjande presisering i mandatet: Elevråda på skulane og BUK skal verte trekt med i arbeidet til arbeidsgruppa.

Margot Hisdal vart samrøystes valt som medlem i arbeidsgruppa.

**Vedtak:**

Samnanger kommune set ned ei arbeidsgruppe som skal lage ein mobbeplan med følgjande medlemmar:

3 Foreldrerepresentantar; Leiar i FAU frå kvar skule

1 Politisk SU-repr: *Margot Hisdal*.  
 Rektor Nordbygda skule  
 Rektor Gjerde skule  
 Rådgjever Samanger ungdomsskule  
 Helsesøster  
 Pedagogisk konsulent

Rektor på Gjerde skule er leiar for gruppa, og pedagogisk konsulent er sekretær for gruppa.

Arbeidsgruppa sitt mandat vert å utarbeide ein handlingsplan som sikrar at Samnanger kommune kan arbeide for ein null-toleranse når det gjeld mobbing og vold på alle kommunale plan, men særskilt i skulen og barnehagen. Elevråda på skulane og BUK skal verte trekt med i arbeidet til arbeidsgruppa.

Oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for planen.

0003/03

### **KULTURPRISEN 2002.**

#### **Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

#### **Handsaming i møte:**

Oppvekst og omsorg slutta seg til å ikkje dele ut kulturprisen for 2002, sidan det ikkje var komen inn forslag på kandidatar.

#### **Vedtak:**

Oppvekst og omsorg slutta seg til å ikkje dele ut kulturprisen for 2002, sidan det ikkje var komen inn forslag på kandidatar.

0004/03

### **TRIVSELS- OG HELSEREISER TIL KYPROS. INNBYDING TIL KOMMUNEN OM Å SLUTTA SEG TIL OS KOMMUNE SITT OPPLEGG**

#### **Framlegg til vedtak::**

1. Samnanger kommune ynskjer å etablere eit tilbod om Trivsels- og helsereiser til varmare strok for eldre og andre grupper av innbyggjarane i kommunen.
2. Administrasjonssjefen får fullmakt til å organisera Trivsels- og helsereiser til Kypros vinteren 2003/04. Omfanget av tilbodet må vurderast ut frå etterspurnaden i kommunen/regionen. Organiseringa vil skje i samarbeid med Os kommune og Vital Tour a.s. Føresetnaden er at prosjektet er sjølvfinansierande, og at kommunen ikkje eksponerar seg for økonomisk risiko.
3. Friviljuge lag og organisasjonar i kommunen vil vera naturlege samarbeidspartar, og dei vert innbydd til å vera med i prosjektet.

4. Etter sesongen 2003/04 skal prosjektet evaluerast i eiga politisk sak.

### **Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke

### **Vedtak:**

1. Samnanger kommune ynskjer å etablere eit tilbod om Trivsels- og helsereiser til varmare stork for eldre og andre grupper av innbyggjarane i kommunen.
2. Administrasjonssjefen får fullmakt til å organisere Trivsels- og helsereiser til Kypros vinteren 2003/04. Omfanget av tilbodet må vurderast ut frå etterspurnaden i kommunen/regionen. Organiseringa vil skje i samarbeid med Os kommune og Vital Tour a.s. Føresetnaden er at prosjektet er sjølvfinansierande, og at kommunen ikkje eksponerer seg for økonomisk risiko.
3. Friviljuge lag og organisasjonar i kommunen vil vere naturlege samarbeidspartar, og dei vert innbydd til å vere med i prosjektet.
4. Etter sesongen 2003/04 skal prosjektet evaluerast i eiga politisk sak.

0005/03

## **RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE**

### **Framlegg til vedtak::**

Oppvekst og omsorg er styringsgruppe for Ruspolitiske handlingsplanen. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med følgjande medlemmer:

Sosialleiar – sekr.

Helsesøster

Rektor Samnanger ungsomsskule

FAU-leiar Samnanger ungsomsskule

2 politiske repr. frå oppvekst og omsorg

Lenmann

Arbeidsgruppa sitt mandat er å utarbeida ein ruspolitisk handlingsplan for kommunen som m.a.tek opp i seg signala gitt i kommunestyrevedtak 16/00.

Planen bør vere lagt fram for politisk handsaming innan utgangen av 2003.

### **Handsaming i møte:**

Oppvekst og omsorg valde Kristian Jørgensen og Liv Berit Khadoor som medlemmar av arbeidsgruppa.

**Vedtak:**

Oppvekst og omsorg er styringsgruppe for Ruspolitiske handlingsplanen. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med følgjande medlemmer:

Sosialleiar – sekr.

Helsesøster

Rektor Samanger ungsomsskule

FAU-leiar Samnanger ungsomsskule

2 politiske repr. frå oppvekst og omsorg: *Kristian Jørgensen, Liv Berit Khadoor*  
Lensmann

Arbeidsgruppa sitt mandat er å utarbeida ein ruspolitisk handlingsplan for kommunen som m.a.tek opp i seg signala gitt i kommunestyrevedtak 16/00.

Planen bør vera lagt fram for politisk handsmaning innan utgangen av 2003.

0007/03

**ENDRING AV LOV OM GRUNNSKULEN OG DEN VIDAREGÅANDE  
OPPLÆRINGA  
AV 17.07.98 NR. 61 (OPPLÆRINGSLOVA).**

**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Fellesframlegg: Samnanger kommune er positive til ein prøveperiode til denne nye endringa. Men me ønskjer ikkje låsa fast endringa, før me har ”sett” resultatata frå prøveperioden. Utvalet meiner at rektor må ha pedagogisk utdanning.

**Vedtak:**

Samnanger kommune er positive til ein prøveperiode til denne nye endringa. Men me ønskjer ikkje låsa fast endringa, før me har ”sett” resultatata frå prøveperioden. Utvalet meiner at rektor må ha pedagogisk utdanning.

0008/03

**NYTT FINANSIERINGSSYSTEM FOR FRITTSTÅANDE SKULAR**

**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Krf. Repr. sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune ser positivt på at UFD føreslår ei omlegging av tilskotet til frittstående skular i retning av ei kommunal eller statleg utbetaling av tilskotet.

Det bør vere overgangsordningar for dei skulane som er godkjende etter gjeldande privatskulelov. Samnanger kommune vurderer alt. 3 som det beste alternativet til nytt finansieringssystem for frittstående skular.”

Det vart først røysta over alternativ 1 i høyringsutkastet : Likehandsamingsmodellen som tilskotsgrunnlag til frittstående skular. Alternativet fekk 3 røyster. Deretter vart det røysta over framlegget til Krf, som fekk 4 røyster og vart vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune ser positivt på at UFD føreslår ei omlegging av tilskotet til frittstående skular i retning av ei kommunal eller statleg utbetaling av tilskotet.

Det bør vere overgangsordningar for dei skulane som er godkjende etter gjeldande privatskulelov. Samnanger kommune vurderer alt. 3 som det beste alternativet til nytt finansieringssystem for frittstående skular

0006/03

**NY GJENNOMGANG AV HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA**

**Framlegg til vedtak::**

- Revisjon av handlingsplan for eldre vert starta opp av konsulent Ingrid Seim som prosjekt ansvarleg. I arbeidsgruppa skal det og vera med ein representant frå dei tilsette og leiarar innan pleie og omsorg.
- Gruppa får mandat til å lage nytt utkast til planen.
- Eldrerådet vert referansegruppe til utvalet.
- Utval for oppvekst og omsorg skal handsame utkast til ny handlingsplan for eldre på møte den 21 mai 2003.

**Handsaming i møte:**

Margot Hisdal sette fram følgjande presiseringar til medlemmar i arbeidsgruppa; ”Arbeidsgruppa skal bestå av pleie og omsorgsleiar, avdelingsleiarar for open omsorg og institusjonen, 1 representant for dei tilsette, som fagforeininga vel sjølv, og ein frå eldrerådet.”

Det vart røysta og framlegg til vedtak og Hisdal sitt tillegg, som vart samrøystes vedteken.

**Vedtak:**

- Revisjon av handlingsplan for eldre vert starta opp av konsulent Ingrid Seim som prosjekt ansvarleg. I arbeidsgruppa skal det og vera med ein representant frå dei tilsette (som fagforeininga vel sjølv) og ein frå eldrerådet, Pleie og omsorgleiar, avdelingsleiarar i institusjonen og open omsorg.
- Gruppa får mandat til å lage nytt utkast til planen.
- Eldrerådet vert referansegruppe til utvalet.
- Utval for oppvekst og omsorg skal handsame utkast til ny handlingsplan for eldre på møte den 21 mai 2003.